


# Deltakarar

Opningshelgi i Den norske bokbyen, 30. april-2. mai 2010

[Program på bokbyen.no](http://bokbyen.no) / [kontakt\\_post@bokbyen.no](mailto:kontakt_post@bokbyen.no) tlf. 57692210




**Jo Eggen** er norsk poet og gjendiktar. Han fekk Tarjei Vesaas' debutantspris for debutboka *Ring og tings skygger*. I 1983 tok Eggen hovudoppgåve i nordisk ved Universitetet i Oslo på hovudoppgåva Gjendikting av franske symbolistar med særleg vekt på Olav H. Hauges forfattarskap. Den nye diktsamlinga hans, *Stavkirkedikt*, kjem ut i mai i år.



**Inger Elisabeth Hansen** er poet og omsetjar. Hansen har undervist i spanskpråkleg litteratur ved Universitetet i Oslo. Ho har vore formann i Den norske Forfatterforening og medlem av Forfatterforeningens litterære råd. I 2004 vart ho nominert til Nordisk Råds litteraturpris for diktsamlinga *Trask*. Ho er ein av dei språkkunnige som har vore engasjerte i arbeidet med den nye norske bibelomsetjinga.



**Karin Moe** er forfattar og litteraturkritikar. Ho skriv dikt, prosa og tekstar som bryt med det meste av sjangrar. I bøkene sine sjonglerer ho dristig med nye blandingar av dikt, kortprosa, ordspel og slang, og er rekna for både lærd og akademisk og folkeleg og rampete på same tid. Den siste boka hennar er *JO. Å lesa bibelen*.



**Ole Paus** er musikal, visesongar og forfattar. Mange av songane og verka til Paus har ein satirisk brodd, men dei siste åra har han òg markert seg med framføringar av salmar. Paus fekk Spellemannprisen i klassa visesong i 1976. I 1998 fekk han juryens heiderspris.



**Jan Inge Sørbo** er norsk forfattar, journalist og professor. I 1998 tok han doktorgraden på Arnold Eidslott og Theodor W. Adorno. Han underviser i norsk ved Høgskulen i Volda, og er elles aktiv som kulturjournalist. Sørbo har vist stor interesse for fenomen som vekkingskristendom og new age, og har skriva bøker om nyreligiøsitet.



**Inger Vederhus** er tidlegare forlagsredaktør og journalist. No er ho lærar ved Høgskolen i Oslo. Ho har skriva hovudoppgåve om salmediktaren Dorothe Engelbretsdotter, som var den fyrste kjende kvinnelege forfattaren i Noreg.